

Referat menighetsrådsmøte Lønset Menighet

Sted: Servicebygget, Lønset kirke.

Dato: torsdag 13. november 2024 kl. 19:00 – 21:30.

Til stades: Arnt Nerhoel, Arne Giskeødegård, Kristine Berg, Ivar Horvli (ref).

Forfall: Marit Donali Hoel, Kristin Sjøvold

Kristine opna møtet med gode ord til ettertanke

REFERAT

Sak 42/24 Referat frå møtet 12. sept godkjend.

ARRANGEMENT/SAKER SIDEN SISTE MØTE, orientering

- Sak 43/24 6. oktober: Gudsteneste kl. 11:00. Kyrkjevert Ivar Horvli.
- Hausttakkefest. Fokus på takksemnd for det naturen kan gje oss.
 - Kristine Berg var liturg. Dette var første gudstenesta for henne her på Lønset. Det var ein fin introduksjon for vår nye prest, og mange uttrykte glede over måten ho framsto på med god kontakt til forsamlinga.
 - Presentasjon av konfirmantane frå gruppe 3. Solveig hadde organisert dette.
 - Ivar Horvli las dikt.
 - Offer til NSMU
3. november Gudstjeneste kl. 19:00. Allehelgensdag. Kyrkjevert Arne
- Pårørende etter døde siste året var invitert.
7. november Moatuntreff kl. 11.00.
- Arnt og Ivar hadde organisert dette. Andakt ved Kristine Berg, musikk ved Oddbjørn Saltbones, forteljing v/Ivar, kaffeservering som Ildrid Kletthammer og Marie Grensen ordna. Utlodning ved Lønset sokneråd som gjev 1000 kr av det innkomne som gåve til Moatun.

STATUS MENIGHETSKONTORET

Sak 44/24 Unntatt offentlighet.

BRUK AV LEVENDE LYS PÅ KIRKEGÅRDEN

Sak 45/24 Dette har vore ei sak som Oppdal menighetsråd har løfta fram og som vart handsama i Oppdal kyrkjelege fellesråd i møte 12. november.

Det vart her klargjort at det ikkje er grunnlag for eit generelt forbod mot bruk av levande ljós. Vilkår for bruk av ljós vil bli gjeve av menighetskontoret i samråd med branntilsynet.

AKTIVITETER/ARRANGEMENT

Sak 46/24 12. november Felles møte med Oppdal og Lønset menighetsråd.

- OMM klokka 18:00-20:00
- Tema: Aktivitetar og utvalgstruktur

26. november Frivilligsamling på IMI Stølen

- Menighetsråd og frivillige i menigheten er invitert
- Foredrag av Kjell A Nyhus «Var Jesus en kristen?»

1. desember Gudstjeneste kl. 14:00, m/utdeling av bøker til barna.

- Solveig organiserer song
- Tenning av julegrana (Lønset grunneigarlag)
- Arnt ansvar for samla annonsering
- Kyrkjekaffe på samfunnshuset: Ansvar: Marit, Ivar, Arne. (til ca 40-50 pers)

24. desember kl 1400: «Juleftan», Randi arrangerer (Ivar ansvar frå MR)

KONSERTER / MUSIKKANDAKTER 2024

Sak 47/24 1. desember: Konsert Harp Bandoneon, Julie og Andreas

-billettsal: Oddvar Langset (Arnt kontaktar)

11. desember: Konsert Oppdal Songlag v/Signe Kari Gulaker Vognild
Dei leier kyrkja til kr. 1500,- og arrangerer sjølv.
Menighetsrådet stiller med brannansvarlig. Ivar / Arnt

16. desember: Vi syng inn jula. Oppdal gospelkor stiller. Lokale aktørar i tillegg er:

- Heidi Storli
- Johanna Holand
- Siv Jeanette Sjøvold
- Bjørgunn Alice Thyve
- Ivar gje nokre kveldstankar

Arnt trykker opp program inklusiv fellessongar.
Arnt/Ivar brannansvar.

VALG AV LEDER OG NESTLEDER

- Sak 48/24 Arnt vart samrøystes vald som leiar og Marit som nestleiar vidare 1 år.
- Sak 48b/24 Kristin Sjøvoll har søkt om permisjon vidare eit år, og Ivar Horvli går framleis inn som fast medlem for henne i 2025. Kristin blir 1. varamedlem som i 2024.

BISPEVISITAS 2025

- Sak 49/24 9.-14. september 2025
- Det er forslag om å sette ned ei arbeidsgruppe for planlegging av aktiviteten:
 - Sokneprest, leder fellesrådet, representant frå Oppdal menighetsråd og representant frå Lønset menighetsråd.
 - Vi har ikkje fått føringar/ønskje frå biskopen enno, men kan likevel starte å førebu oss.
- Vedtak: Marit Donali Hoel vart vald som representant frå Lønset menighetsråd

EVENTUELT

- Sak 50/24 Gjennomgang av diakoniplanen.
- Dei ulike tiltaka vart gjennomgått og vil bli innarbeidd i årsplan 2025. Samling UNG blir utsett til jan/feb 2025.
-